

MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Marie Habbestad, Jarle Havn, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Per Nygård, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø, Asbjørn Gundersen, Berit Hallaråker, John Olav Habbestad og Solveig Habbestad.

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tysdag 30.01.2018.kl 19.00

Sak 01-01-18: Innkallinga vart godkjent

Sak 01-02-18: Godkjenning av møtebok 28.11.2017

Sak 01-03-18: Referatsaker

- Møtebok frå AU 28.12.2017
- Møtebok frå AU 22.01.2018

Sak 01-04-18: Orienteringssaker

- Asbjørn Gundersen informerar om at det mest sannsynleg blir arrangert tur til London for ungdommar frå 17-18 år som eit trusopplæringstiltak for denne aldersgruppa.

Sak 01-05-18: Lunsj-Seminar Kyrkje – Næringsliv

- Den 21.Mars blir det arrangert lunsj-seminar, ein møtestad mellom kyrkje og næringsliv. Sokneråda i Sunnhordland prosti er blitt spurte om å bidra med 2000 kr til dette. Sjø vedlagt vedlegg. **Framlegg til vedtak:** Soknerådet ynskjer å støtta dette tiltaket med 2000kr.

Sak 01-06-18: Kurs for kyrkjevertar og andre brukarar av kyrkja.

- Det er ynskje om å ha eit kurs i kyrkja angående orientering og opplæring i bruk av hjartestartar og brannslukkningsutstyr for kyrkjevertar og andre brukarar i kyrkja. John Olav Habbestad tar kontakt med brannvesenet om dei kan vera med å arrangera eit kurs saman med oss. Forslag om å arrangera det ein tirsdays ettermiddag.

Sak 01-07-18: Praktisk planlegging av KN-Aksjonen.

- I år er det noko færre konfirmentar enn vanleg, difor lyt me planeggja i god tid og utfordra andre frivillige til å vera med å gå med bøsser. Med erfaring frå tidlegare år vart soknerådet samde om å byrja KN-aksjonen ein halv time tidlegare, frå kl.17:30-20:00.

Sak 01-08-18: Temakveld med Jan Erik Larsen 20.Mars 2018

- I samanheng med sak 01-05-18 Lunsj-Seminar, er det kome forespørsel om å arrangera temakveld i Bremnes kyrkje 20. mars med Jan Erik Larsen. Soknerådet er samde om at dette ynskjer me å arrangera. Forslag til tidspunkt kl.20:00 sidan det er same dag som KN-aksjonen.

Dersom du ikkje kan møta, ver snill å gi beskjed til Berit Hallaråker berit.h@haugnett.no

Berit Hallaråker
leiar

Jarle Havn
Sekretær